

Høyringsnotat

Øystre Slidre kommune, 12.8.2026, Kommunedirektøren

1. Innledning

Øystre Slidre kommune sender lokal forskrift om grunntilskot på høyring. Høyringsperiode er fastsett til 7 veker.

Føreslegne satsar per heiltidsplass:

Kategori	0-2 år	3-6 år
Privat ord. barnehage	kr 279.011,-	Kr 148.732,-
Barn av flyktingar i 1. busettingsår	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter

Sjå vedlegg “*Berekningsmodell for private barnehagar 2027*” for dokumentasjon av berekningane.

Øystre Slidre kommune ønskjer særleg innspel knytt til:

- om forskrifta gir tilstrekkeleg tydelege rammer for fastsettinga av tilskot.
- om skildringa av grunntilskott er tydeleg og forståeleg.

2. Bakgrunn og føremål

Føremålet med forskrifta er å fastsetje satsar som skal nyttast ved utrekning av tilskot til private barnehagar i kommunen for tilskotsåret 2027.

Forskrifta utfyller føresegnar om utrekning av tilskot til dei private barnehagane som følgjer av barnehagelova §§ 19–19c.

Dei nye lovføresegnene og forskrifta vil gjelde for utrekninga som kommunane skal gjere i løpet av 2026, for tilskotsåret 2027.

Det følgjer av forskrifta at kommunen skal fastsetje satsar for utrekning av grunntilskot, og eventuelt ekstra grunntilskot, i egne lokale forskrifter. Jamf. forvaltningslova blir forslag til forskrift sendt ut på høyring med 6 vekers høyringsperiode.

Føremålet med forskrifta er å sikre føreseielegheit, openheit og likebehandling i kommunen sin tilskotspraksis, samt å tydeleggjere korleis satsar blir fastsette og lagde til grunn for seinare enkeltvedtak om tilskot.

Forslaget til forskrift byggjer på gjeldande nasjonalt regelverk og inneber ikkje endringar i dei overordna prinsippa for kommunen si finansiering av private barnehagar, men gir ei lokal rettsleg forankring i tråd med forskriftskrava.

Høyringsinstansane blir bedne om å merke seg at kommunen ikkje har handlingsrom til å fråvike nasjonale utrekningsreglar.

Forskrifta dannar grunnlag for kommunen sine enkeltvedtak om tilskot til kvar privat barnehage.

Enkeltvedtaka kan klagast på etter reglane i forvaltningslova, men sjølve forskrifta kan ikkje klagast på.

3. Rettsleg grunnlag

Kommunen si plikt til å fastsette satsar i lokal forskrift følgjer av Forskrift om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) § 1. Høyringa blir gjennomført etter forvaltningslova sin § 37. Forskrifta må oppfylle formkrav og kunngjeringskrav etter forvaltningslova sin § 38.

4. Berekningsgrunnlag og metode (KS/PBL-berekningsmodell)

Kommunen har nytta KS og PBL sin modell som grunnlag for berekning av satsar og dokumentasjon. Vedlagt ligg dokument med modellen som viser føresetnader, korrigerede rekneskapspostar og berekna satsar per heiltidsplass.

Forslaget til lokal forskrift regulerer:

- Satsar for grunntilskot per heiltidsplass for barn 0-2 år og 3-6 år.
- Berekningsgrunnlag basert på kommunen sine driftsutgifter.
- Indeksregulering med kommunal deflator.

Satsar for berekning av grunntilskot 2027 skal gjerast med kommunen sitt rekneskap for 2025 som grunnlag.

For ordinære barnehagar er satsane utrekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta. Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningssgrunnlaget.

Øystre Slidre har halde utgifter som skuldast særlege behov i barnegruppa, utanfor berekninga av grunntilskotet. Det er såleis grunnlag for å berekne sats for ekstra tilskot til private barnehagar. Dette er omtala nærare nedanfor.

Grunnlaget for kommunen si berekning av satsar for tilskot til private barnehagar skal bli regulert med kommunal deflator. Denne blir vanlegvis fastsett i statsbudsjettet, og deflator for 2027 er difor ikkje klar når forskrifta blir sendt på høyring. Satsane som blir lagt til grunn i høyringa er berekna med sist tilgjengelege estimat for kommunal deflator. Dette er i tråd med anbefalingane til KS og PBL.

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- nasjonale styresmakter vedtek endringar i lov og forskrift

Eventuelle justeringar blir gjorde administrativt utan førehandsvarsel jf. forvaltningslova § 37.

Vedlagt ligg berekningsmodellen som viser forutsetningar, korrigerter regnskapspostar og berekna satsar per heiltidsplass. Det er lagt inn klassifisering og kommentarar for å forklare ein del postar.

Enkelte kostnader og inntekter er halde utanfor tilskotsmodellen:

- Administrasjonskostnader som blir dekt av administrasjonspåslaget på 4,7% i berekningsmodellen. Dette er i all hovudsak kostnader til IKT/avgifter/lisensar og interkommunale koordinatorar. Desse postane er fordelt basert på fordelingsnøkkel i KOSTRA-/kommuneregnskapet. Vi har trekt dei ut i denne berekninga i tråd med rettleiar for berekningsmodellen for grunntilskot privat barnehage (klassifisert som Barnehagemyndigheit), og gjort ei konkret vurdering av kva som skal takast med (sjå nedanfor).
- Skyssutgifter prosjekt 128xx og/eller ansvar 28000 integreringstenesta. Dette er skyss til/frå barnehage for flyktningfamiliar. Skyssen er gjennomført ved taxi og eige transportmiddel. Utgiftene er klassifisert som Barnehagemyndigheit fordi kommunen bekostar skyss for alle busette barn av flyktningar som har behov for skyss, uavhengig av om det er til/frå kommunal eller privat barnehage.
- Feilføringar. Dei største feilføringane er prosjekt 12880, som skulle vore belasta funksjon 211 styrkingstiltak, og konto 10892 introduksjonsstønad som skulle vore på funksjon 275, og ikkje på ordinær barnehagedrift.

Enkelte kostnader er lagt til i tilskotsmodellen:

- Microsoft365-lisensar: Ifølge rettleiinga utarbeida av KS og PBL skal tilskotsberekninga innehalde kostnader for program som er nødvendige for at ein PC skal kunne nyttast. Kommunen legg difor til kostnader for Microsoft365 for dei kommunale barnehagane (desse er ført sentralt i kommunerekneskapet).
- Visma Flyt: Det framkjem av rettleiinga at kommunen skal inkludere kostnader til lisensar som er anskaffa og drifta utelukkande til bruk i den daglege barnehageverksemda på barnehagenivå. Difor inkluderer vi i berekningsmodellen lisensar for Visma Flyt Barnehage med modul Min Barnehage, Sikker Sak og e-læring Barnehage.
- Byggforsikringar. I rettleiaren er forsikring av barnehagebygg ein ordinær driftskostnad som inngår i berekningsgrunnlaget av grunntilskot. Byggforsikringar for dei kommunale barnehagane er difor lagt til i berekningsmodellen.

Det vises til egne ark i berekningsmodellen med underdokumentasjon for desse postane.

Oppfylling av normer:

Private barnehagar har etter forskrift § 11 krav på ekstra tilskot dersom kommunen sine egne barnehagar i gjennomsnitt bryt bemannings- eller pedagognorma. Kommunen sine barnehagar oppfyller pedagognorma ved hjelp av dispensasjon frå utdanningskravet, jf. forskrifta § 3. Det er ikkje innført nye krav som medfører auka kostnader for barnehagane i 2027. Det er difor ikkje aktuelt å berekne ekstra tilskot til private barnehagar som følge av dette.

Investering vs. vedlikehold i kommunale barnehagar:

Kommunen sine barnehagebygg følger kommunen sine ordinære retningslinjer for investering og vedlikehold av bygg og eigedom. Avgjøre om investering eller vedlikehold blir i utgangspunktet ikkje take av den enkelte barnehage.

- Investeringar: Kommunen har ein politisk vedteken ramme som kan disponerast til definerte investeringsprosjekt. Bakgrunnen er prioritering av behova i kommunen. Barnehagane blir likestilt med alle andre bygg i kommunen. Kommunen forhold seg til GKRS når det kjem til investering vs. kostnadsføring. Investering er ein oppgradering/heving av standarden frå dagens standard. Prosjektet er på minimum kr 100.000 (kan gjelde over fleire år). Blir balanseført. Blir dekket av kapitaltilskotet.
- Vedlikehold: for å oppretthalde dagens standard eksempelvis reparasjon. Anna mindre vedlikehold blir avtala mellom styrar og teknisk drift/ kommuneleing. Utgifter blir kostnadsført i driftsregnskapet, og blir inkludert i berekning av tilskotssatsen.

5. Forslag til satsar for grunntilskot per heiltidsplass for 2027

Kategori	0-2 år	3-6 år
Privat ord. barnehage	kr 279.011,-	Kr 148.732,-

6. Ekstra grunntilskot

Kommunen sine meirutgifter og meirinntekter til barn av flyktningar er haldne utanfor utrekninga av satsar for grunntilskot, jf. barnehagelova § 19a andre ledd. Dette fordi omfanget av busette flyktningar og medfølgjande behov for tolk og annan særskilt oppfølging kan variere mykje frå år til år og barnehage til barnehage.

Private barnehagar med tilsvarende behov i barnegruppa, vil ha rett til ekstra grunntilskot jf. barnehagelova § 19a andre ledd. Kommunen fastset difor følgjande satsar per heiltidsplass for ekstra grunntilskot for 2027:

Ekstra grunntilskot	0-2 år	3-6 år
Barn av flyktningar i 1. busettingsår	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter

Private barnehagar skal opplyse om forhold som kan ha betydning for retten til ekstra grunntilskot innan 15. desember året før tilskotsåret og ved endringar i løpet av året, jf. finansieringsforskrifta § 5.

Sats er utrekna ut frå barnehagetilskot kommunen får frå Integrerings- og mangfalds- direktoratet, og blir kunngjort på heimesidene deira ([imdi.no](https://www.imdi.no)). Kommunen har motteke barnehagetilskot frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet for barn av flyktningar i busettingsår 1, som er ført på sentral funksjon i kommunen i tråd med KOSTRA (ikkje med i barnehagerekneskapet). Satsen som er nytta i denne høyringa er gjeldande sats i 2026.

<https://www.imdi.no/tilskudd/tilskudd-offentlige-virksomheter-kommuner-og-fylkeskommuner/integreringstilskudd/>

	Innholdsfortegnelse
• Busettingsår 1	
• Busettingsår 3	
• Busettingsår 4 (2024) 91 400 kroner	
• Busettingsår 5 (2022) 74 800 kroner	
Barnehagetilskudd:	
• Busettingsår 1 (2026) 28 900 kroner (engangstilskudd)	

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom Integrerings- og mangfalds-direktoratet vedtek endringar i barnehagetilskotet.

Kommunen har halde utanfor ev. ekstraavgifter kommunen har hatt knytt til busette barn av flyktningar. Slike ekstraavgifter er i kommunerekneskapen normalt merka med prosjekt 12800-12999 og/eller ansvar 28000 Integreringstenesta, og går fram av vedlegg «Berekningsmodell tilskot private barnehagar ØSK 2027».

6. Delegering

Etter regelverket skal den kommunale forskrifta endrast årleg med oppdaterte satsar for grunntilskot og ekstra grunntilskot, etter berekning basert på sist avlagte rekneskap, og dei prinsipp og reglar som er fastsett i lov, forskrift, veileder frå KS/PBL og kommunen sine val som er omtala i dette høyringsnotatet.

Kommunen si vurdering er at ei årleg berekning av satsar til private barnehagar er av teknisk økonomisk art, og ikkje av prinsipiell karakter. Vi tilrår på den bakgrunn at kommunestyret delegerer til kommunedirektøren å utarbeide og fastsetja slike endringsforskrifter for oppdatering av satsar for grunntilskot og ekstra grunntilskot.

Andre eventuelle forskriftsendringar som kommunen vurderer som tenleg/nødvendig, av prinsipiell karakter, skal leggjast fram for kommunestyret, i tråd med hovudregelen i kommunelova § 13-1.

Heimel finn vi i kommunelova. § 5-3 bestemmer at kommunestyret er det øvste organet i kommunen, som treff vedtak på vegne av kommunen. Kommunestyret kan delegere myndigheit til å treffe vedtak til andre folkevalde organ eller kommunedirektøren, innanfor rammene av kommunelova eller annan lov. Det er nærare bestemt i § 13-1 at: «*Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.*»

Kommunen tilrår på denne bakgrunn følgande bestemming i forskrifta:

Kommunestyret delegerer si myndigheit til kommunedirektøren når det gjeld:

- § 2. Satsar for grunntilskot
- § 3. Ekstra grunntilskot

7. Vidare prosess

Når høyringsfristen er over vil innkomne uttalar bli gått igjennom og vurdert, eventuelle justeringar av forskrifta vil bli gjort.

Forslag til forskrift blir lagt fram for politisk behandling med sikte på endeleg vedtak i kommunestyret sitt møte 12.november 2026, i tråd med fristen.

Etter kommunestyret sitt vedtak, vil forskrifta bli kunngjort på lovdata.no

.....